



TRENAR: Her er nokre av bogejegerane på trening. Mariell Dahle, Atle Helland, Kjell Arne Vågen, Taisto Erkinharju, Anita Lie og Jan Tommy K. Skår, som for tida er våpenlaus.

Trenar – og ventar på bogejakt

I Kvinnherad finst nokre av dei beste bogejegerane i landet. Kvinnherad Buejegerklubb ventar på at det skal bli lovleg å jakta med pil og boge.

I mellomtida øver dei seg å bli gode og treffsikre med våpenet som kan ta livet av ein elefant.

Bogeskyttarane har halde på eit par år. For eit år sidan skipa dei klubben, som har 26 ivrige medlemmer. I vinterhalvåret møtest dei ein gong i veka i Undarheim skule på Husnes og trenar på den vanskelege kunsten å treffa blinken med pil.

Jakt med pil og boge er ikkje lovleg i Norge. Men om kort tid går det søknad frå bogejegerfor-

bundet til Direktoratet for naturforvaltning om at slik jakt skal verta lovleg her i landet, til liks med mange andre land i Europa. Forbundet har om lag 600 medlemmer. I Hordaland er det to klubbar, i Kvinnherad og i Ulvik.

I 2009 tok fem bogeskyttarar frå Kvinnherad eksamen for å få lisens til jakt med pil og boge. I fjor var det kurs og prøve i Tveitedalen. Inntil vidare må dei jakta utanlands viss dei vil fella dyr med kvasse piler.

I Finland har jakt med pil og boge aldri vore forbode, fortel Taisto Erkinharju, leiar i klubben i Kvinnherad, og kjend i grannelandet i aust. I Sverige var det prøvejakt i fjor på dåhjort. Då vart det felt 37 dyr, 36 av dei datt på plassen, eitt dyr sprang eit lite stykke før det låg medvitslaust på bakken. Taisto håpar det kan bli lovleg med bogejakt også her i landet i 2012.

Utstyret er langt på veg det same som i konkurranseskyting. Men til jakt bruker dei spesielle piler. Dei har sylskarpe blad i spissen, som skjer seg rett gjennom ein dyrekropp og lagar ein sårkanal på om lag halvannen tomme i breidda. Det betyr raskt blodtrykksfall, og dyret er medvitslaust etter få sekund.

Ei jaktpil går gjennom ein sandsekk, det gjer ikkje ei vanleg jaktkule, fortel Taisto Erkinharju. Dessutan fungerer blodet i dyret som glidemiddel, så pila trengjer heilt gjennom kroppen.

Jakt med pil og boge er heilt annleis og vanskelegare enn jakt med rifle eller hagle. Boge er korthaldsvåpen, som kan brukast på avstand inntil 30 meter på jakt. Men ein god skyttar treffer sikkert ein blink på 90 meters avstand.

Ein dyktig jeger kan fella store dyr med pil og boge, til og med

elefantar. I Finland jaktar dei på hjort med boge og pil, og i Sverige er det villsvinjakt.

Disiplin og konsentrasjon

– Dette er jakt for disiplinerte folk, seier Taisto Erkinharju. Bogeskyting krev konsentrasjon. Det trengst mykje trening, og byttedyret må stå i ro. Slikt jakt er spennande, sidan det er vanskeleg å koma nær nok.

For dei som prøver ein boge første gongen, kjennest det skikkeleg tungt å spennja bogen. Men der er meir snakk om rett teknikk enn styrke. Det gjeld om å bruka musklane i rygg og skuldrer og finna balansen.

– Kva slag vilt kan det bli aktuelt å jakta på her i landet?

– Rådyr, fuglar, hare og kanskje hjort. Boge er dessutan eit høveleg våpen dersom det skal jaktast på skadedyr i parkar og på kyrkjegardar. Pilene går så å seia

lydlaust og tek livet av dyra med ein gong.

Gode skyttarar

Når snøen er borte, vil bogejegerane trenast ute. I den lokale klubben finst det bogeskyttarar som er mellom dei beste i landet. I uoffisielt NM vann Bjørn Terje Sæbø i 2009 og Jan Erik Nordhus i fjor. I ein konkurranse i Ulvik i fjor tok Kvinnherad Buejegerklubb tre første plassar.

Taisto Erkinharju er lidenskapelig jeger og går etter elg, rein, hjort og rådyr. I 11 år har eit lag frå Kvinnherad jakta elg i Fyresdal i Telemark.

– Draumen er å fella ein stor elg i Alaska med pil og boge, seier jegeren Taisto.

– Den optimale jaktopleveling ville vera å stilla med hund på ein hjort, og fella dyret med pil.

Sjur Tjelmeland
sjur@kvinnheringen.no



SMÅ BLINKAR: Mariell Dahle og Taisto Erkinharju dreg pilene ut or blinken.



STØDIGE: Mariell Dahle og Kjell Arne Vågen spenner bogen og siktar på blinken.